



Det Regionale Brukerutvalget.

Mottatt HV RHF

19 DES 2005

Stavanger, 14.desember 2005.

Helse Vest RHF  
Postboks 303 Forus  
4066 Stavanger.

***Observatørstatus for det regionale brukerutvalget i styret til Helse Vest.***

Vi viser til protokoll fra brukerutvalgets møte den 7. september d.å..(vedlagt)

Brukerutvalget har tidligere tatt opp muligheten for å kunne delta på styremøtene i Helse Vest uten at slik deltagelse medfører ekstra økonomiske utgifter for den enkelte.

Vi ser at den beste muligheten for å kunne formalisere dette, er et styrevedtak.  
Vi er videre kjent med at en ordning med observatørstatus, også med begrenset talerett i enkelte saker er gjennomført i flere helseforetak.

At styremøtene er åpne, gir ikke brukerutvalget tilstrekkelige muligheter for å være til stede, fordi det oftest medfører økonomiske omkostninger på den private økonomi.

Vi ber derfor Helse Vest ta stilling til hvorvidt én representant fra brukerutvalget kan ges mulighet til å få dekket omkostningane ved å delta som observatør ved styremøtene i Helse Vest.

Vi ber om at saken legges frem i styret til behandling ved første anledning.

Med vennlig hilsen

  
Ingrid Mällberg,  
Leder.

## **Protokoll frå møtet i det regionale brukarutvalet 7. desember 2005**

Til stades: Ingrid Mällberg, Laila Bøe, Ruth Thu (vara) John Thorbjørnsen, Helen Aareskjold, Gerd Bjørkedal, Odd Kåre Barkved og Drude Berentsen

Forfall: Einar Eithun, Jostein Melheim

Sekretær: Torleiv Bergland

### **1. Sak 23/05 Tilbod til born som er overvektige**

Overvekt hos born er eit aukande problem. Brukarutvalet er av den oppfatning at det bør setjast i verk tiltak for å redusera seinskadar og komplikasjonar og såleis redusera moglegheitene for at dette vert ”faste” pasientar seinare.

Av born som er overvektige som 8 åring blir 30 % overvektige i vaksen alder. Av born som er overvektige i 12 års alder vert 60-70 % overvektige som vaksne.

Etter det utvalet kjenner til, er Barneklinikken ved Haukeland Universitetssjukehus i gang med et prosjekt på området, og at det er stor interesse for problemet der.

#### **Vedtak**

*Det regionale brukarutvalet ber Helse Vest i samråd med helseføretaka setje i verk tiltak for å handtere problemet med aukande overvekt hos born. Vi ber om å verte haldne orientert.*

### **2. Sak 24/05 Årsmelding**

Utvælet endra ordlyden på eit punkt. I tillegg vart det gjort merksam på deltaking i eit prosjekt til.

#### **Vedtak**

*Forslag til årsmelding for 2005 vert godkjent med dei merknadene som vart påpeikt.*

### **3. Sak 25/05 Møteplan for 2006**

#### **Vedtak**

*22.02.06 – Sandnes*

*19.04.06 – Førde*

*15.06 og 16.06 – Bergen*

*06.09.06 - Stavanger*

*18.10.06 - Bergen*

*06.12.06 - Stavanger*

#### **4. Føringar frå sentrale styresmakter for 2006, orientering ved fagdirektør Odd Søreide**

Odd Søreide tok utgangspunkt i:

- Soria Moria erklæringa
- Statsbudsjettet for 2006
- Bestillinga for 2006

Aktiviteten innanfor somatikken skal ikkje auke. Refusjonssatsen for ISF (Innsatsstyrт finansiering) er senka frå 60 til 40 prosent. På same tid legg styresmaktene til grunn at ventelistene går ned.

Det tydar at vi må prioritere, understreka Søreide. Han opplyste at Helse Nord skal levere ein rapport til departementet om prioritering i løpet av det første halvåret i 2006. Søreide la vidare til at prioritering må skje på produksjonsnivået, der tenestene blir levert.

I 2006 skal det vere fokus på psykiatri, spesielt barne- og ungdomspsykiatri. Rus er eit anna prioritert fokusområde. Veksten innanfor desse områda skal langt overstige veksten innanfor somatikken.

Maksimal ventetid for vurdering innanfor barne- og ungdomspsykiatrien er satt til 10 dagar.

Helse Vest har ei utfordring knytt til kapasitetsdekninga ved dei psykiatriske akuttavdelingane. Dekninga bør vere godt under 100 prosent for å ta høgde for svingingar i innleggingane. Helse Vest har ei spesiell utfordring knytt til tung- og akuttpsykiatrien i Helse Bergen og Helse Stavanger.

Innan rusvern er det registrert ein sterk auke i henvisningane frå fastlegane. Kjøp av gjestepasientplassar aukar enormt. Det er også knytt styringsmessige utfordringar til denne sektoren då 9 av 10 leverandørar er private tenesteytarar.

Søreide nemnde òg dobbeldiagnoseproblematikken som ei spesiell utfordring. Samhandling mellom psykiatriske institusjonar og rusverminstitusjonar likeeins.

Han opplyste vidare at ein spesielt manglar fagfolk innanfor psykiatrien.

Odd Søreide meinte det også ville verte fokusert på desse områda:

- spesialisthelseteneste for eldre
- kronikargrupper, eks. KOLS, diabetes
- lokalsjukehus, ikkje endre på strukturen, men sjå på innhaldet i dei
- Lærings- og meistringssentra må integreras meir med resten av tenesta

Helse Vest vil få ansvar for eit nasjonalt arbeid med høgspesialisterte tenester.

Det vil komme bestemte styringskrav frå departementet knytt til epikrisetid, korridorpasientar og oversikt over prosentvis del av born innan barne- og ungdomspsykiatrien som får ein diagnose.

Det vil også komme endringar i styra. Styret i Helse Vest vil bli utvida frå 9 til 10 representantar. Tre av dei er representantar frå dei tilsette. Fire av sju skal vere aktive politikarar (fylkes- og kommunepolitikarar). Endringane i styret vert gjort i januar 2006. Samansetjinga av styra i helseføretaka må såleis også endrast.

## **5. Oppdatering om arbeidet med rehabiliteringstilbodet, orientering ved rådgivar Hilde Rudlang**

Fram til og med 2006 mottar dei regionale helseføretaka økonomiske midlar etter den geografiske plasseringa av oppreningsinstitusjonane. Det tyder at dei føretaka som har flest institusjonar innanfor sitt område også mottek mest pengar. For Helse Vest utgjer det 66,1 mill kroner for 2006. Frå 2007 av vil midlane til kjøp av plassar på oppreningsinstitusjonane verte fordelt etter objektive kriteria. Kor mykje meir Helse Vest vil få er ikkje klart.

Helse Vest har i løpet av hausten 2005 gjennomført anbodskonkurranse og forhandlingar om kjøp av opprenings- og rehabiliteringstenester. Avtalane er gjeldande for 2006. Det må gjennomførast ny anbodskonkurranse og forhandlingar med verknad for 2007.

Resultatet av forhandlingane vart:

- Helse Vest aukar ramma med 12 mill. kr for 2006
- 5 plasser meir enn i 2005 på Hauglandsenteret
  - Inkluderer overvektsprosjektet
- Inkluderer ny aktør, Krokeidesenteret, med 26 plasser
  - Lunge- og kreftrehabilitering på avd. Nærland (oppstart 01.03.05)
  - Hjerterehabilitering på avd. Krokeide (oppstart 01.01.06)
- Oppretthaldar alle eksisterande avtaler
- Kjøper 8 plasser færre enn i 2005 på Ravneberghaugen og 5 færre på SHR/Åstveit
- Til saman kjøper Helse Vest 18 plasser meir enn i 2005

Helse Vest vil såleis i 2006 ha avtaler med følgjande oppreningsinstitusjonar:

- Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenteret
- Krokeidesenteret, avd. Krokeide og avd. Nærland
- Hagahaugen Rehabiliteringssenter
- Sjømennenes Helseheims Rehabiliteringssenter Vest fra 01.07.06: Åstveit Helsesenter
- Ravneberghaugen Oppreningsenter

Når det gjeld det regionale rehabiliterings- og habiliteringsprosjektet er det laga følgjande organisasjonsstruktur:

- Styringsgruppe er fagdirektormøtet
- Overordna prosjektgruppe
- Prosjektgruppe innanfor rehabilitering
- Prosjektgruppe innanfor habilitering
- Prosjektgruppe innanfor oppreningsinstitusjonane (rapport er levert)

Den overordna prosjektgruppa består av:

- Representantar frå Helse Vest RHF (prosjekteigar)
  - Hans Stenby, plansjef og Hilde Rudlang, rådgivar
- Fagressursar
  - Erfaring frå det nasjonale planarbeidet i regi av SHdir:  
Emma Manin, dir. Rehabiliteringsklinikken, Helse Stavanger HF
  - Erfaring frå annen regions planarbeid:  
Liv Gyda Axelsen, prosjektleiar, Sørlandet sykehus, Helse Sør RHF
  - Frå PWCs fagteam:  
Jørn Jacobsen, dir. Spesialsykehuset for rehabilitering
- Prosjektsekretariat
  - Prosjektleiar: Mai-Liss Larsen, PriceWaterhouseCoopers (PWC)
  - Prosjektsekretær: Jorun Støvne Pettersen, PriceWaterhouseCoopers (PWC)

Helse Vest tar sikte på at rapportane er ferdige innan sommaren 2006.

Førebelse rapportar som vert lagd fram for fagdirektormøtet vil også verte lagd fram for det regionale brukarutvalet.

## **6. Utforming av nye lokale for Helse Vest, orientering ved Torunn Nilsen**

Torunn Nilsen orienterte først om bakgrunnen for flytting til nye lokale.

Ved gjennomgangen var det den universelle utforminga av dei nye lokala som vakte mest interesse. Utvalet var godt nøgd med arbeidet som Helse Vest hadde lagt ned. Brukarutvalet minna om at det også må leggjast til rette for handikapparkering.

## **7. Radiologiprosjektet, orientering ved John Thorbjørnsen**

Prosjektet har stoppet opp. Leiaren har bedt Helse Vest om å få eit nytt og mindre omfattande mandat og at prosjektet vert utsett. Det er satt i gang eit prosjekt innan teleradiologi. Leiaren av prosjektet tykkjer det er uheldig at desse to prosjekta ikkje er koordinert.

## **8. Arbeidet med utforminga av dei prehospitalte tenestene, orientering ved John Thorbjørnsen**

Arbeidet skulle vore ferdig ved utgangen av 2005, men fristen er no forlenga fram til 1. februar 2006. Kartlegging av tenestene har tatt lengre tid enn planlagt.

### **Eventuelt**

1. Brukarutvalet har registrert at vararepresentantar ved fleire høve ikkje har kunna møtt for dei faste representantane. Utvalet ber vararepresentantane om å setje av dei aktuelle møtedatoane, når møteplanen for året er klar, slik at dei har høve til å stille dersom dei faste representantane er forhindra frå å møte.

2. Det vart opplyst at både tidligare styreleiar i Helse Vest, Mai Vik, og novarande styreleiar, Oddvar Nilsen, har uttalt at dei ikkje ser noko i vegen for at Helse Vest betaler for at eit par brukarrepresentantar kan vere tilstades ved styremøta i Helse Vest. Brukarutvalet vil ta saka opp med Helse Vest.
3. Utvalet etterlyste arbeidsmiljøundersøkingar i helseføretaka. Det vart vist til liknande undersøkingar i Statoil som har gitt positive effektar.

Utvalet understreke at gode arbeidstilhøve for dei tilsette smittar over på pasientane. Vi har pasientefaringsundersøkingar, men har gløymd dei tilsette.

4. Brukarutvala i dei regionale helseføretaka planlegger å ha eit felles møte i 2006. Helse Midt står som arrangør. Ansvaret for å arrangere slike felles møter vil rullere mellom brukarutvala. Leiar og nestleiar vil møte for utvalet i Helse Vest.

Torleiv Bergland  
Sekretær for regionalt brukarutval